

# Sommerfest med rock og rangling

Flere spennende artister er på vei til Jæren til årets Ranglerock-festival i juli.

**TRUDE HÅLAND** | tekst  
trude@jbl.no

**SOMMERROCK:** Booking-ansvarlig Omund Norheim er fornøyd med bandene som kommer til Jæren andre helgen i juli, der Two Gallants er headlinere.

– Duoen var på Ranglerock også for fem år siden, og holdt da en magisk konsert. Den gang var det et lite gjennombrudd da vi fikk dem til Jæren. Dette er musikere som spiller på Rockefeller i Oslo og på store festivaler som Roskilde, og er et kjent navn for mange musikkinteresserte. Sjangeren er en kombinasjon av vise og rock, sier Norheim.

#### - Fengende

Han sier videre at band som ikke har spilt i Rogaland før, kommer til sommerens Ranglerock.

– Jeg kan nevne Hvitmalt Gjerde, som er et bergensband, som er booket til Howefestivalen. De spiller surf rock. Tusmørke fra Oslo er også et veldig bra, og spesielt band. De spiller uten gitar, men med orgel, bass og tverrfløyte, noe som gir et spesielt, men fengende uttrykk, sier Norheim.

Blant de andre artistene som skal spille i Bryne Mølle 12. og 13. juli, er den kanadiske folkartisen og trekspilleren Geoff Berner. Hedvig Mollestad Trio skal sørge for skikkelig ranglerocka jazz, Bryne-bandet Heavy Heads spiller fengende rock med gitarer, bass og trommer. Bilie Van gjester også årets festival, og er kjent for sitt særegne utrykk og humoristiske faktor på scenen.

#### Færre billetter

Wunderkammer har blitt kalt Norges beste liveband, og ga ut sitt siste album i 2002, men skal, ifølge programbeskrivelsen, gi Ranglerock-publikummet yndet felespill, varme rytmer og det som hører en julikveld til.

Hovering Orville består av jærbuene Tormod Aass og Jostein Goa, og duoen har gått fra å være et klassisk singer-songwriterprosjekt, til å flytte fokus mot rock og mye lyd.

– Det blir nok en sommer med rock, ranglig og farse. Med 280 billetter tilgjengelige hver dag, 20 færre per dag enn i fjor, tror jeg nok det også i år vil bli rift om billettene, sier Norheim.



TREKKPLASTER: Two Gallants kommer til Ranglerock og Bryne Mølle andre helgen i juli. (Foto: Privat)

## Målpris til soknepresten i Klepp

Den aller første Torvald Tu-prisen er gitt til presten Andreas Haarr.

**ANNE BERIT HATLEM** | tekst  
abh@jbl.no

**PRIS:** I grunngjevinga for å gje prisen til Andreas Haarr heiter det at han i tekst og tale brukar eit språk med sterkt islett av dialektord og lokalprega språklege vendingar. Preikene hans står fram som ekte og jordnære. Haarr drar ofte parallelar mellom det praktiske livet her og no og bibelforteljingane. Bodskapen hans er forståeleg og kjem klart fram. Det er vanskeleg å tenkja seg ein tale eller ein andakt i Aftenbladet av Andreas Haarr på bokmål.

Vinnaren av Torvald Tu-prisen 2012 veit kor viktig form og stil, trykk og pausar, nyansar i språkbruken, bilete og samanlikningar er for at bodskapen skal nå fram. Andreas Haarr får prisen for å ha brukt nynorsk på ein forteneste-måte.

Prisen er ein plakett og ein pengepremie på 10 000,- Klepp Sparebank gir pengane.

Klepp mållag har oppretta



TILDELING: I midten vinner av Torvald Tu-prisen 2012 Andreas Haarr, t.h. Anita Heigre fra Klepp Sparebank og t.v. Nils Olav Østrem i Klepp mållag. (Foto: privat)

Torvald Tu-prisen som målpris i Klepp for å heidra den folkelege og lokale nynorskforfattaren. «Torvald Tu-prisen kan tildelast ein person, eit lag, ei gruppe eller eit føretak som har brukt nynorsk på ein fortenestefull måte i verksmeda si», heiter det i foresegnene for prisen.

Det særmerkte med Torvald Tu si dikting er glede over menneska, livet og naturen, dei gode opplevingane. Glede hans over språket var også stor, han dyrka

jærdialekten, ord og uttrykk – og musikken i språket. Torvald Tu lever vidare gjennom alle dei morosame stubbane sine, dikta og dei livfulle eventyra han skreiv.

Torvald Tu skreiv ikkje svært ofte om prestar, men i boka Hugnadsstunder fortel han i stykket Prestevitjing blant andre om husmannen dei kalla Prest-Ola. Han gjekk for å vera klok, ikkje minst fordi han hadde tent i ei heil årrekke i prestegarden i sine unge dagar.

## «Prots» i Undheim kyrkje

Søndag kveld, 10. mars, blir det konsert i Undheim kyrkje med Per Oddvar Hildre, «Prots» og 100 songarar. Konserthen markerer avslutninga på ei inspirerande helg med korseminar.

– 100 songarar frå heile Jæren og andre stadar i Rogaland framfører songar frå ulike kulturar, frå Sør- og Mellom-Amerika, frå Afrika og gospel frå New Orleans, fortel Nils Garborg Reiten i arrangørkoret De Kor frå Undheim og legg til at årets songutval er heilt nyt.

– Vi vart så begreistra då «Prots» var her for to år sidan at vi bad han kome tilbake. Det var ei flott oppleveling å øve og synge saman med så mange og avslutte med konsert i ei fullsett kyrkja. «Prots» har ei utruleg evne til å øve inn ganske krevjande ting på kort tid, og steg for steg høyrer vi vår eiga stemme klinge flott saman med dei 100 andre, seier Reiten.

Per Oddvar Hildre er ein av mest profilerte korleiarane i landet. Han kan love deltaka-



SEMINARHELG: Per Oddvar Hildre har korseminar for 100 songarar på Undheim og konsert søndag kveld. (Foto: Morten Kasbergsen)

rane beinhard jobbing for å øve inn nye songar og avslutte med konsert søndag kveld. Til seminaret har Hildre med sin faste pianist Per Arild Skorgen.

Saman med koret Skruk har Hildre gjesta kyrkja på Undheim fleire gonger.